



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 17.01.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 14:30 - 16:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordfører
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Varamedlem
Line Kydland	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Line Kydland
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Trond Olav Magnussen
Hege Eide Vik	SP	Ivar Rødland Bergo

Andre møtande:

Atle Fasteland, Kenneth Stokke, Rikke Haagenen, Tore Henrik Øye

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
04/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
05/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
05/2023.1	SAMANSTILLING AV SØKNADAR TIL NÆRINGSFONDET NOVEMBER 2022, MED INNSTILLING TIL LØYVING



- 06/2023 SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL TANKVOGN FOR HUSDYRGJØDSEL. FELLESTILTAK
- 07/2023 SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL REISKAPSHUS PÅ GNR. 65. BNR. 4 NESHEIM I EKSINGEDALEN
- 08/2023 SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL PRODUKSJONSUTSTYR FOR LOKAL MATPRODUKSJON
- 09/2023 SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL ETABLERING AV OPPLEVINGSTILBOD FOR TURISTAR
- 10/2023 SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL NY DRIFTSBYGNING FOR STORFE PÅ NESHEIM
- 11/2023 SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL DRIFTSBYGNING FOR STORFE PÅ HØVIK I EKSINGEDALEN
- 12/2023 SØKNAD OM STØTTE FRÅ NÆRINGSFONDET TIL OPPSTART AV TILBOD OM PERSONLEG TRENAR
- 13/2023 SØKNAD OM TILSKOT TIL KLAUVBOKS FRÅ VAKSDAL KOMMUNALE NÆRINGSFOND
- 14/2023 SØKNAD OM TILSKOT TIL VATNINGSVOGN FRÅ NÆRINGSFONDET
- 15/2023 SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV BÅT FOR BRUK I NESHEIMSVATNET
- 16/2023 SØKNAD OM TILSKOT TIL FISKEFREMJANDE TILTAK I BERGSDALSELVA OG MOAVATNET



04/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - sak 04/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

05/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - sak 05/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

**05/2023.1: SAMANSTILLING AV SØKNADAR TIL NÆRINGSFONDET NOVEMBER 2022, MED
INNSTILLING TIL LØYVING**

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

FPØ - sak 05/2023.1 Vedtak/Tilråding:



**06/2023: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL TANKVOGN FOR HUSDYRGJØDSEL.
FELLESTILTAK**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 78 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaka Gaute Øvstedal, Lars Bjarte Nesheim og Magnar Nese ved innkjøp av felles tankvogn for spreiring av husdyrgjødsel/gylle på jordbruksareal i Eksingedalen.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tilskotet utgjer 30 % av godkjent kostnad på kr. 260 100,- eks. mva., og vert knytt til dokumentert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Fellesforslag:

Fondsstyret ber kommunestyret presisere i vedtektene for Vaksdal kommune Næringsfond startdato for løyvingar og om det er høve til å gje løyvingar for allereie gjennomført tiltak før 14.06.2022.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 2 stemmer (FRP, SP) mot 5 stemmer (SV, AP, H) og fall.

Fellesforslag vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 06/2023 Vedtak/Tilråding:

Søknaden vart avslått.

Fondsstyret ber kommunestyret presisere i vedtektene for Vaksdal kommune Næringsfond startdato for løyvingar og om det er høve til å gje løyvingar for allereie gjennomført tiltak før 14.06.2022.



07/2023: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL REISKAPSHUS PÅ GNR. 65. BNR. 4 NESHEIM I EKSINGEDALEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», vert det ikkje funne grunnlag for å løyve midlar frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til oppføring av reiskapshus på gbnr. 65, bnr. 4 Nesheim i Eksingedalen.

Søknadane frå føretaket Lars Bjarte Nesheim, om tilskot frå næringsfondet, vert difor avslått.

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) si grunngjeving for avslaget, er at reiskapshus ikkje vert vurdert som driftsbygning i landbruket, ut frå kriteriet om at bygningstypen ikkje har tilstrekkeleg nærings- og produksjonsfremjande funksjon og verknad, jf. nærare utdjuping i saksvurderinga.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 07/2023 Vedtak/Tilråding:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», vert det ikkje funne grunnlag for å løyve midlar frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til oppføring av reiskapshus på gbnr. 65, bnr. 4 Nesheim i Eksingedalen.

Søknadane frå føretaket Lars Bjarte Nesheim, om tilskot frå næringsfondet, vert difor avslått.

Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) si grunngjeving for avslaget, er at reiskapshus ikkje vert vurdert som driftsbygning i landbruket, ut frå kriteriet om at bygningstypen ikkje har tilstrekkeleg nærings- og produksjonsfremjande funksjon og verknad, jf. nærare utdjuping i saksvurderinga.

08/2023: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL PRODUKSJONSUTSTYR FOR LOKAL MATPRODUKSJON

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 30 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaket «Heimalaga Mat frå Pøylø» for innkjøp av pølsestappar til lokal produksjon og næringsretta sal av pølser.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».



Tilskotet utgjør 30 % av godkjent kostnad på kr. 100 000,- eks. mva., og er knytt til faktisk kostnad ved innkjøp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld fram til 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 08/2023 Vedtak/Tilråding:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 30 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaket «Heimalaga Mat frå Pølyo» for innkjøp av pølsestappar til lokal produksjon og næringsretta sal av pølser.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tilskotet utgjør 30 % av godkjent kostnad på kr. 100 000,- eks. mva., og er knytt til faktisk kostnad ved innkjøp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld fram til 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

09/2023: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL ETABLERING AV OPPLEVINGSTILBOD FOR TURISTAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 127 200,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaket Fman AS ved etablering av opplevingstilbod for turistar som vitjar Vaksdal kommune, med utgangspunkt i satsinga på Airbnb.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», med vekt på å prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping.

Tilskotet utgjør 30 % av godkjente kostnadar på kr. 424 000,-, fordelt på:

- Etablering av båt plass : kr. 94 000,-
- Innkjøp av båt med motor for utleige : kr. 250 000,-
- Marknadsføring, digitalt utstyr : kr. 65 000,-
- Grunnlag materiell for guida turar : kr. 15 000,-



Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Lågare dokumentert kostnad, kan gje lågare tilskot.

VILKÅR FOR TILSKOTET:

Følgjande må vere på plass før utbetaling av tilskot:

- Formelt grunnlag for satsinga (offentlege lov-/regelverk og evt. naudsynte avtalar).
- Naudsynt organisering mellom tilbydarar, med tilrettelegging av produkttilbod.

Løyvinga gjeld til og med 30.06.26. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 09/2023 Vedtak/Tilråding:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 127 200,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaket Fman AS ved etablering av opplevingstilbod for turistar som vitjar Vaksdal kommune, med utgangspunkt i satsinga på Airbnb.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», med vekt på å prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping.

Tilskotet utgjer 30 % av godkjente kostnadar på kr. 424 000,-, fordelt på:

- Etablering av båtplass : kr. 94 000,-
- Innkjøp av båt med motor for utleige : kr. 250 000,-
- Marknadsføring, digitalt utstyr : kr. 65 000,-
- Grunnlag materiell for guida turar : kr. 15 000,-

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Lågare dokumentert kostnad, kan gje lågare tilskot.

VILKÅR FOR TILSKOTET:

Følgjande må vere på plass før utbetaling av tilskot:

- Formelt grunnlag for satsinga (offentlege lov-/regelverk og evt. naudsynte avtalar).
- Naudsynt organisering mellom tilbydarar, med tilrettelegging av produkttilbod.

Løyvinga gjeld til og med 30.06.26. Etter dette vert tilskotet trekt attende.



10/2023: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL NY DRIFTSBYGNING FOR STORFE PÅ NESHEIM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver kr. 300 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til Gaute Øvstedal og Haldis Bjodal Øvstedal til oppført driftsbygning for mjølkekyr/storfe på gnr. 65, bnr. 2 Nesheim i Eksingedalen.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tildelinga utgjer øvre grense for tilskotsbeløp etter fondsvedtektene § 4 «Stønadsvilkår».

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 3 stemmer (H, SP, FRP) mot 4 stemmer (SV, AP) og fall.

FPØ - sak 10/2023 Vedtak/Tilråding:

Søknaden vart avslått.

11/2023: SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL DRIFTSBYGNING FOR STORFE PÅ HØVIK I EKSINGEDALEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver kr. 200 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaket Dan Børge Høvik til oppføring av ny driftsbygning for storfe på gnr. 53, bnr. 3 Høvik i Eksingedalen.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tildelinga utgjer 3% av godkjent kostnad på 6 millionar kroner, og er innanfor øvre tilskotsgrense etter fondsvedtektene, jf. § 4 «Stønadsvilkår».

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 2 stemmer (FRP, SP) mot 5 stemmer (SV, AP, H) og fall.

FPØ - sak 11/2023 Vedtak/Tilråding:

Søknaden vart avslått.

12/2023: SØKNAD OM STØTTE FRÅ NÆRINGSFONDET TIL OPPSTART AV TILBOD OM PERSONLEG TRENAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», vert det ikkje funne grunnlag for å løyve midlar frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til etablering av tilbod om personleg trenar for å førebyggje og handsame muskel- og skjelettplager (Muscle Tissue Training).

Søknaden frå føretaket «PT Silje Hetterud Dale», om tilskot frå fondet, vert av den grunn avslått.

Formannskapet/plan og økonomiutvalet (fondsstyret) si grunngeving for avslaget, er at prosessen med å etablere treningstilbodet, ikkje er kome tilstrekkeleg langt, og at næringsverdien med tiltaket ikkje kjem tydeleg nok fram. Samstundes finn ikkje fondsstyret grunnlag for å bruke midlar frå fondet til å finansiere utdanning.

Det kan rettast ny søknad til næringsfondet når utdanninga som personleg trenar er fullført.

Fondsstyret viser til Vaksdal Næringssselskap som mogleg kontaktpunkt ved etablering av verksemda, og eventuell utarbeiding av ny søknad.

Forslag Ap:

Arbeiderpartiet foreslår og støtte Silje H. Dale med 30 prosent av kostnadsoverslaget i søknaden.

Grunnlag.

§ 4 Stønadsvilkår

Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Røysting:



Kommundirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 5 stemmer (SV, FRP, SP, H) mot 2 stemmer (AP) og vart vedteke.

AP sitt tilleggsforslag fekk 2 stemmer (AP) mot 5 stemmer (SV, FRP, SP, H) og fall.

FPØ - sak 12/2023 Vedtak/Tilråding:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», vert det ikkje funne grunnlag for å løyve midlar frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til etablering av tilbod om personleg trenar for å førebyggje og handsame muskel- og skjelettplager (Muscle Tissue Training).

Søknaden frå føretaket «PT Silje Hetterud Dale», om tilskot frå fondet, vert av den grunn avslått.

Formannskapet/plan og økonomiutvalet (fondsstyret) si grunngeving for avslaget, er at prosessen med å etablere treningstilbodet, ikkje er kome tilstrekkeleg langt, og at næringsverdien med tiltaket ikkje kjem tydeleg nok fram. Samstundes finn ikkje fondsstyret grunnlag for å bruke midlar frå fondet til å finansiere utdanning.

Det kan rettast ny søknad til næringsfondet når utdanninga som personleg trenar er fullført.

Fondsstyret viser til Vaksdal Næringssselskap som mogleg kontaktpunkt ved etablering av verksemda, og eventuell utarbeiding av ny søknad.

13/2023: SØKNAD OM TILSKOT TIL KLAUVBOKS FRÅ VAKSDAL KOMMUNALE NÆRINGSFOND

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 158 970,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaka Annika Nottberg Brønstad og Gaute Øvstedal til innkjøp av klauvboks med tilhengar, for klauvskjering av storfe i næringsssamanheng.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tilskotet utgjer 30 % av godkjent kostnad på 529 900,- eks. mva.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 13/2023 Vedtak/Tilråding:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 158 970,- i tilskot frå Vaksdal



Kommunale Næringsfond til føretaka Annika Nottberg Brønstad og Gaute Øvstedal til innkjøp av klauvboks med tilhengar, for klauvskjering av storfe i næringssamanheng.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tilskotet utgjer 30 % av godkjent kostnad på 529 900,- eks. mva.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

14/2023: SØKNAD OM TILSKOT TIL VATNINGSVOGN FRÅ NÆRINGSFONDET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 82 693,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaka Gaute Øvstedal og Lars Bjarte Nesheim ved innkjøp av felles vatningsvogn til bruk på jordbruksareal/graseng i Eksingedalen.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tilskotet utgjer 30 % av godkjent kostnad på 275 645,- eks. mva, og er knytt til innkjøpskostnaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 3 stemmer (FRP, SP, H) mot 4 stemmer (SV, AP) og fall.

FPØ - sak 14/2023 Vedtak/Tilråding:

Søknaden vart avslått.

15/2023: SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV BÅT FOR BRUK I NESHEIMSVATNET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Øvre Eksingedalen grunneigarlag får tildelt inntil kr. 20 000,- i tilskot frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, til innkjøp av ny båt for bruk ved fiske og andre friluftaktivitetar i



Nesheimsvatnet.

Tildelinga er gjort av Formannskapet og plan-/økonomiutvalet (FPØ), med bakgrunn i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet utgjer 51 % av godkjent kostnad på kr. 39 224,- eks. mva., og er knytt til innkjøp av sjølve båten.

Tilskotet kan bli avkorta ved eventuell, annan finansiering/kostnadsdekning.

Tilskotet vert betalt ut når sluttrapport med dokumentasjon av kostnadar og kostnadsdekning er sendt til kommunen.

Frist for gjennomføring er sett til 01.12.24. Etter dette fell midlane bort.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Ivar Rødland Bergo (SP) ber om at hans habilitet vert vurdert då han er grunneigar i Eksingedalen. Kommunedirektøren tilrår at han vert funnet inhabil. Formannskapet vedtek samrøystes at Ivar Bergo er inhabil i saka i medhald av fv.l. § 6 a) Inhabil når vedkomande er part i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 15/2023 Vedtak/Tilråding:

Øvre Eksingedalen grunneigarlag får tildelt inntil kr. 20 000,- i tilskot frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, til innkjøp av ny båt for bruk ved fiske og andre friluftaktivitetar i Nesheimsvatnet.

Tildelinga er gjort av Formannskapet og plan-/økonomiutvalet (FPØ), med bakgrunn i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet utgjer 51 % av godkjent kostnad på kr. 39 224,- eks. mva., og er knytt til innkjøp av sjølve båten.

Tilskotet kan bli avkorta ved eventuell, annan finansiering/kostnadsdekning.

Tilskotet vert betalt ut når sluttrapport med dokumentasjon av kostnadar og kostnadsdekning er sendt til kommunen.

Frist for gjennomføring er sett til 01.12.24. Etter dette fell midlane bort.



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bergsdalen Jordbrukslag får tildelt inntil kr. 26 000,- i midlar frå «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv». Midlane skal nyttast til å delfinansiere gjennomføring av fiskefremjande tiltak i Bergdalselva og Moavatnet, i tråd med tiltaksplanen i søknaden, jf. saksutgreiing.

Tildelinga er gjort av Formannskapet og plan-/økonomiutvalet (fondsstyret), med bakgrunn i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet skal primært nyttast til innkjøp av *båt/jolle, garn og tilhøyrande utstyr*, og vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen for prosjektet/tiltaka, er sett til 01.12.24 Etter dette fell midlane bort.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.01.2023

Behandling:

Boris Groth (FRP) ber om at hans habilitet vert vurdert då han er sønn av en grunneigar. Kommunedirektøren tilrår at han vert funnet inhabil. Formannskapet vedtek samrøystes at Boris Groth er inhabil i saka i medhald av fv.l. § 6 b) Inhabil når vedkomande er i slekt med en part i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 16/2023 Vedtak/Tilråding:

Bergsdalen Jordbrukslag får tildelt inntil kr. 26 000,- i midlar frå «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv». Midlane skal nyttast til å delfinansiere gjennomføring av fiskefremjande tiltak i Bergdalselva og Moavatnet, i tråd med tiltaksplanen i søknaden, jf. saksutgreiing.

Tildelinga er gjort av Formannskapet og plan-/økonomiutvalet (fondsstyret), med bakgrunn i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet skal primært nyttast til innkjøp av *båt/jolle, garn og tilhøyrande utstyr*, og vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen for prosjektet/tiltaka, er sett til 01.12.24 Etter dette fell midlane bort.



Vaksdal kommune

Rådgjevar Tore Henrik Øye orienterte utvalet om administrasjonen si handsaming og bakgrunnen for kommunedirektøren si innstilling i sakene og svarte på spørsmål frå fondstyret undervegs i møte.